

RAMMEPLAN FOR

FORDJUPINGSEINING I ORGANISASJON OG LEIING
(10 vekttal)

FØRSKOLELÆRARUTDANNINGA

Godkjend av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
3. mars 1997

RAMMEPLAN FOR FORDJUPINGSEINING I ORGANISASJON OG LEIING I BARNEHAGEN (10 VT)

Fordjupingseininga Organisasjon og leiing er ei vidareføring av rammeplan for samfunnsfag og pedagogisk teori og praksis etter Rammeplan for førskolelærerutdanning, 1995. Fordjupingseininga er primært retta mot studentar i 3-årig førskolelærerutdanning og er særleg innretta på administrasjon og leiing i barnehagar. Studieeininga kan og brukast som vidareutdanning for ferdig utdanna førskolelærarar.

1. INNLEIING

Barnehagesektoren har dei siste åra vore i rask utvikling. Både den kvantitative og kvalitative sida ved verksemda er i endring. Dette fører med seg auka behov for utvikling av barnehagesektoren med vekt på variert drift tilpassa lokalsamfunn og brukarar. Rammeplanen for barnehagen, grunnskolereforma og skolestart for 6-åringane fører til krav om fornying og omstilling både i barnehage og skole. Rammeplan for barnehagen legg derfor vekt på at pedagogisk utviklingsarbeid er eit viktig element i prosessen med å sikre kvaliteten i barnehagearbeidet. Omstilling og utvikling stiller nye krav til leiarrolla og leiarfunksjonane i barnehagen. Leiing blir derfor ei sentral oppgåve for alle førskolelærarar. Studiet må skape forståing for eige ansvar for barnehageutvikling, rettleiing og kompetanseoppbygging.

Barnehagen er ein viktig del av barna sitt oppvekstmiljø. Barnehagen er for dei fleste barn og foreldre den første sosialiseringarenaen utanfor heimen, og for mange ein viktig møteplass for utvikling av relasjonar og nettverk i lokalsamfunnet. Parallelt med utviklinga i barnehagesektoren skjer det og ei utvikling på andre område innan oppvekstfeltet. Utviklinga av kommunen som organisasjon har sett søkjelyset på behovet for samordning og heilskapstenking innan feltet oppvekst. Fordjupingseininga i organisasjon og leiing må derfor gi studentane eit samfunnsfagleg perspektiv på barnehagen som institusjon, organisasjon og arbeidsplass.

Tema som barn sitt oppvekstmiljø, planlegging, administrasjon, organisasjonsteori og leiing er område som heng naturleg saman med den pedagogiske verksemda i barnehagen. Kunnskap om og innsikt i desse emna er nødvendig for å kunne fungere som arbeidsleiar i barnehagen.

2. MÅL

Gjennom fordjupingseininga i organisasjon og leiing skal studentane:

- få betre innsikt i korleis ein kan analysere arbeidet i barnehagen i eit samfunns- og organisasjonsperspektiv
- utvikle større innsikt i kva leiarrolla i barnehagen inneber
- utvikle evna til å utføre og løyse oppgåver knytte til planlegging, gjennomføring og vurdering av utviklings- og fornyingsarbeid i barnehagen.
- tilegne seg innsikt i det politiske og administrative systemet


- kunne skape forståing for at samordning og samarbeid er nødvendig når det gjeld det heilskaplege oppvekstmiljøet til barn

3. INNHALD

I studiet inngår fire hovudemne:

organisasjon og leiing
administrasjon og etatkunnskap,
fornyng og utvikling
tverrfagleg og tverretatleg samarbeid om oppvekstkåra til barn

Desse hovudemna er obligatoriske og omfattar fleire rettleiande delemne. Delemna er å sjå på som forslag som kan danne grunnlag for utarbeiding av fagplanar ved høgskolane. Innhaldet i denne fordjupingseininga kan illustrerast ved hjelp av figuren nedanfor, der emna administrasjon og etatkunnskap, fornyng og utvikling og tverrfagleg samarbeid om oppvekstkåra til barn om skal sjåast i lys av eit organisasjons- og leiingsperspektiv. Organisasjon og leiing i barnehagen blir derfor eit overordna og gjennomgåande tema og skal utgjere om lag 50% av fordjupingseininga. Hovudemna administrasjon og etatkunnskap og fornyng og utvikling skal utgjere omlag 20% kvar og tverrfagleg og tverretatleg samarbeid om oppvekstkåra til barn 10% av fordjupingseininga.



3.1 Organisasjon og leiing

Hovudemnet organisasjon og leiing fokuserer på barnehagen som organisasjon. Gjennom arbeid med hovudemnet skal studentane vidareutvikle ei heilskapleg forståing av barnehagen og bruke eit organisasjonsperspektiv for å analysere barnehagearbeidet.

Styraren er dagleg leiar for verksemda og er arbeidsleiar for personalet. Pedagogisk leiar har også eit leiaransvar i barnehagen. Tydeleg leiing er ein nøkkel for å utvikle barnehagane, noko som stiller krav til korleis leiarrolla blir utøvd. Arbeid med leiarroller må derfor stå sentralt i hovudemnet.

Delemne:

- Organisasjonsteori
- Barnehagen som organisasjon
- Organisasjonskultur
- Rekruttering og tilsetjing
- Leiging og menneskesyn
- Kvinner og leiing
- Leiarrollene i barnehagen
- Ulike måtar å leie på
- Motivering av medarbeidarar
- Kommunikasjon og samhandling
- Det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet
- Samarbeid og konflikthandsaming i barnehagen
- Personalutvikling
- Eiga utvikling som leiar

3.2 Administrasjon og etatkunnskap

Studentane skal gjennom arbeid med dette hovudemnet få djupare innsikt i området administrasjon. Styraren sine spesielle arbeids- og ansvarsområde inngår som ein viktig del i dette hovudemnet. Lover og føreskrifter som regulerer arbeidsforhold i barnehagen, vil bli tekne opp. Vidare skal studentane tileigne seg djupare forståing for dei rammene som gjeld for barnehagedrifta med vekt på kunnskap om det politiske og administrative systemet (etatkunnskap).

Delemne:

- Aktuelle lover, føreskrifter og avtaleverk for barnehagane
- Det politiske og administrative systemet. Oppbygging og funksjon
- Barnehagen sine interesser i det politiske/administrative systemet
- Samspel og samarbeid mellom den administrative forvaltninga og dei nasjonale, regionale og lokale myndigheitene
- Sakshandsaming og kontorrutiner
- Budsjett og rekneskap i kommunane og barnehagane
- Tilskottsordningar til barnehagane

3.3 Fornyning og utvikling

Emnet vil leggje vekt på å presentere ny kunnskap om og erfaring frå barnehagen sett i lys av det utviklingsarbeidet som går føre seg både nasjonalt, lokalt og på institusjonsnivå. Studentane skal få auka innsikt i ulike prosessar som fører til krav om fornying og omstilling. Vidare er pedagogisk utviklingsarbeid ein viktig del av kvalitetssikringsarbeidet i barnehagen. Studentane skal få innsikt og øving i korleis ein kan planleggje, gjennomføre og evaluere eit utviklingsarbeid i eigen institusjon, med vekt på strategiar og metodar for å styrke brukarane (barn og foreldre) si deltaking i utviklings- og fornyingsarbeidet.

Delemne:

Barnehageutvikling - nasjonalt og lokalt
Organisasjonsutvikling
Utviklingsarbeid som metode for endring
Motivasjons- og innovasjonsarbeid
Planleggingsarbeid - teori og metode
Pedagogisk utviklingsarbeid
Kvalitetssikring og vurdering
Brukarmedverknad

3.4 Tverrfagleg og tverretatleg samarbeid om oppvekstkåra til barn

Emnet tek sikte på å skape oversyn over det heilskaplege oppvekstmiljøet til barn og forståing for samordning og samarbeid. Studentane skal få kunnskapar om kommunane sitt ansvar og sine oppgåver andsynes barn og unge med særleg vekt på førebyggjande arbeid. Ein tek sikte på å auke studentane sin samarbeidskompetanse på tvers av fag, profesjonar og institusjonar i oppvekstsektoren.

Rammeplan for barnehagen understrekar barnehagen sitt ansvar når det gjeld kultur- og kunnskapsformidling. Dette krev også tverrfagleg og tverretatleg samarbeid.

Delemne:

Levekår og oppvekstmiljø for barn
Barn sine interesser i samfunnsplanlegginga
Samarbeid mellom profesjonar, fag og etatar når det gjeld oppvekst
Samordning og heilskapstenking
Nettverk og nettverksarbeid

4. ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Det skal vere samanheng mellom mål, innhald, arbeidsformer og vurdering i fordjupingseininga.

Arbeidsformene i dette studiet må tilpassast og varierast i forhold til innhaldet. Ein bør tilstrebe ei veksling mellom teori, refleksjon, drøftingar og praktiske øvingar som reflekterer vektlegging av dugleik i kommunikasjon, samarbeid og leiing.

Pedagogisk praksis skal inngå i fordjupingseininga. I praksisperioden bør studentane få erfaring med og innsikt i ulike leiarroller. Ekskursjonar, sjølvstendig innsamling og vidare arbeid med stoff gjennom kontakt med forvaltninga i barnehagesektoren (regionalt og lokalt) er viktige arbeidsformer. Tverrfaglege prosjektoppgåver som tek utgangspunkt i studentane sine erfaringar frå praksis, vil egne seg godt i denne fordjupinga.

Fagplanane skal gjere greie for korleis studiet skal organiserast ved den einkilde høgskolen.

Under heile studiet har studenten rett til rettleiing og vurdering. Dette skal leggje grunnlaget for at studenten skal kunne forstå den avsluttande vurderinga.

Arbeidskrav: Høgskolen sin fagplan må gi opplysningar om kva minstekrav som gjeld for å få avsluttande vurdering. Dette kan vere krav om studiedeltaking, skriftlege og/eller praktiske arbeid, praksis og annan dokumentasjon som fordjupingseininga femner om.

5. VURDERING

Eksamen skal prøve studenten sine kunnskapar og evner i fordjupingseininga og må avspegle innhalds- og studieformer slik desse er formulerte i rammeplanen. Eksamen kan gå føre seg undervegs i studiet og ved slutten av studiet, eventuelt berre ved slutten av studiet.

I eksamen skal det inngå ei individuell, skriftleg prøve under eksamensvilkår. Andre aktuelle former for dokumentasjon som kan inngå i vurderingsgrunnlaget, kan t.d. vere prosjektoppgåver, utstillingar, framføringar, tverrfaglege praksisretta oppgåver og munnleg prøving individuelt eller i grupper. Individuelle arbeid og prøver må til saman utgjere minst halvparten av det samla vurderingsgrunnlaget.

Høgskolen sin fagplan skal fastsetje korleis eksamen skal organiserast, kva for arbeid som skal inngå i vurderingsgrunnlaget og kva vekt dei ulike komponentane har i den avsluttande vurderinga. Vurderinga i fordjupingseininga skal synleggjere studenten sine kvalifikasjonar med omsyn til organisering og leiing av barnehagen, jfr mål for studiet.

Vurderinga skal vere i samsvar med lov og forskrift.